



Trafikkplan for skulane i Kviteseid

Innleiing

Trafikkplanen er utarbeida etter kriterier for trafikksikker kommune frå trygg trafikk. Kriteria er utarbeida med bakgrunn i Kunnskapsløftet og «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehage og skole». Å vere ein godkjent trafikksikker kommune, betyr ikkje at ein har garanti for at ulukke ikkje skjer, men er eit kvalitetsstempel på eit godt og heilskapleg trafikktryggleiksarbeid. I samband med denne plane er det utarbeida retningslinjer for turar i skulens regi som inneheld mellom anna bruk av sikringsutstyr. Trafikkplanen inneheld også ein lokal læreplan i trafikk med kompetansemål frå K06. Med tanke på nye læreplanar i skulen med verknad frå 2020, er denne planen mellombels, og vil bli revidert og tilpassa nye læreplanar.

Skulane i Kviteseid kommune

Kviteseid kommune har tre einingar for skule. Kviteseid skule er ein 10.åring skule med ca. 175 elevar. Brunkeberg oppvekstsenter har skule for 1.-4. klasse og har ca. 30 elevar. Straumsnes oppvekstsenter har skule for 1.-4. klasse og har ca. 10 elevar.

Vurdering av trafikksituasjonen ved skulane

Straumsnes oppvekstsenter har parkering som er godt skjerma frå skuleområdet. I tillegg har det nyleg kome gang- og sykkelveg i Vrådal frå sentrum og til skulen.

Brunkeberg oppvekstsenter har også parkering som er godt skjerma frå skuleområdet. Men det er noko meir uoversiktleg når barn skal gå frå skuleområdet og til/frå parkeringsplassen.

Kviteseid skule er under ombygging, og nytt uteområdet er ikkje prosjektert. Det er eit ynskje å fjerne mest mogleg av trafikken til og frå skulen. Før ombygginga har praksis vore at elevar bli slept av ved Kviteseidhallen, og går opp bakken til skulen. Bussane stoppar også ved Kviteseidhallen. Dette er ei ordning vi er nøgde med.

Det er ei utfordringar når elevar som går til skulen vel å krysse over barnehagen sin parkeringsplass. Denne er dårleg opplyst, uoversiktleg og trong.

Planar for god trafikktryggleik

- Skulen si leiing gjennomfører årleg vernerunde. På vernerunden skal også trafikksituasjonen vurderast. Avvik på vernerunden rapporterast til Kommunalsjef skule og barnehage og blir tatt med i vurderingane i den årlege budsjetthandsaminga.
- Ved prosjektering av nytt uteområde ved Kviteseid skule, skal trafikktryggleik vege tungt. Ein skal vurdere å innføre hjartesone.
- Det er påbod om å bruke hjelm på alt utstyr med hjul (sykkel, rullebrett, rulleskøyter)
- I forkant av turar og utflukter skal tryggleik rundt turen vere tema i klassa
- På sykkelturar skal sykkel og hjelm vere i forskriftsmessig stand
- Ved alvorlege ulukker skal beredskapsplanen nyttast
- Trafikktryggleik er tema på foreldremøte på hausten
- FAU og ungdomsrådet vert involvert i skulens trafikktryggleiksarbeid
- Skulen har trafikktryggleik implementert i ulike fagplanar

Foreldresamarbeid om trafikktryggleik

Skulen må legge til rette for eit godt foreldresamarbeid rundt elevene sitt læringsmiljø. Ein del av læringsmiljøet er også skulevegen, skuleområdet og skulen sitt nærmiljø.

- Samarbeide med FAU om å få flest mogleg til å gå til skulen
- Orienterer om skulen sitt arbeid for trafikktryggleik mellom anna rutiner for turar i skulen sin regi
- Fokus på trafikkforholda rundt skulane
- Levering og henting
- Kjøring i/på skulen sitt område
- Bruk av refleks
- Foreldre som rollemodeller

Kva seier Kunnskapsløftet om trafikk?

I generell del av læreplanen står det mellom anna at skulen skal ruste barn til å møte livets oppgaver og mestre utfordringar sammen med andre. Den skal gi hver elev kyndighet til å ta hånd om seg selv og sitt liv. Vidare står det at opplæringa må tilføre holdninger og kunnskaper som varer livet ut og lære de unge å se framover og øve evnen til å treffe valg med fornuft.

Kompetansemål i kroppsøving etter 4. trinn
Elevane skal kunne følge trafikkregler for fotgjengere og syklister.

Kompetansemål i kroppsøving etter 7. trinn
Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som fremkomstmiddel.

Sjølv om kompetansemåla er lagt til kroppsøving, meiner Trygg Trafikk at trafikkopplæring bør sjåast på som eit tverrfagleg emne. Trafikkrelaterte emne eignar seg godt å ta opp i KRLE, samfunnsfag og matematikk.

Grunnleggande ferdigheiter i trafikkopplæringa

Å kunne uttrykke seg munnleg og skriftleg:

- kunne forklare ord og uttrykk knytt til temaet trafikk
- kunne formidle haldningar og inntrykk frå opplevingar, aktiviteter og oppgåver
- kunne argumentere for trafikktryggleik

Å kunne lese:

- kunne lese skilt i trafikken
- hente, tolke og forstå informasjon frå faglege tekstar, til dømes frå opplæringsmateriell fra Trygg Trafikk

Å kunne rekne:

- ha kjennskap til måleeiningane meter, km, mil, sekund, minutt, time
- kunne namn på dei ulike geometriske formene til skilt, og bruke enkel statistikk for å syne teljingar og registreringar i trafikken.
- ha forståing for tid, lengde og avstand i trafikken
- kunne registrere data og bruke statistikk for å syne undersøkingar i trafikken.

Å kunne bruke digitale verktøy:

- kunne orientere seg og bruke oppgåver på ulike nettstader

Fagplan

| Klasse | Kompetansemål K06 | Tema for undervisning |
|-----------|--|--|
| 1. klasse | Elevane skal kunne følgje trafikkreglar for fotgjengarar og syklistar. | Trafikktrening i nærområdet Bruk av refleks |
| 2. klasse | Elevane skal kunne følgje trafikkreglar for fotgjengarar og syklistar. | Enkle trafikkreglar og gå-prøve |
| 3. klasse | Elevane skal kunne følgje trafikkreglar for fotgjengarar og syklistar. | Undersøke eigen skuleveg |

| | | |
|------------|--|---|
| 4. klasse | <p>Elevane skal kunne følgje trafikkreglar for fotgjengarar og syklistar.</p> <p>Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel.</p> | <p>Opplæring i trafikkreglar</p> <p>Sykkelopplæring</p> |
| 5. klasse | <p>Elevane skal kunne følgje trafikkreglar for fotgjengarar og syklistar.</p> <p>Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel.</p> | <p>Trafikkreglar</p> <p>Bruk av sykkel</p> <p>Fyrstehjelp</p> |
| 6. klasse | <p>Elevane skal kunne følgje trafikkreglar for fotgjengarar og syklistar.</p> <p>Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel.</p> | <p>Trafikkreglar</p> <p>Bruka av sykkel</p> <p>Fyrstehjelp</p> |
| 7. klasse | <p>Elevane skal kunne følgje trafikkreglar for fotgjengarar og syklistar.</p> <p>Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel.</p> | <p>Trafikkreglar</p> <p>Bruka av sykkel</p> <p>Fyrstehjelp</p> |
| 8. klasse | <p>Elevane skal gjere greie for korleis sikringsutstyr hindrar og minskar skader ved uhell og ulukker.</p> | <p>Risikovurdering av eigen skuleveg.</p> <p>Trafikksikringsutstyr med hovudfokus på sykkelhjelm.</p> |
| 9. klasse | <p>Elevane skal gjere greie for korleis sikringsutstyr hindrar og minskar skader ved uhell og ulukker.</p> | <p>Trafikksikringsutstyr med hovudfokus på refleks.</p> <p>Lys, syn og fargar.</p> <p>Merksemd og rus.</p> |
| 10. klasse | <p>Elevane skal gjere greie for korleis sikringsutstyr hindrar og minskar skader ved uhell og ulukker.</p> | <p>Trafikksikringsutstyr med hovudfokus på bilbelte, fart og akselerasjon.</p> <p>Tryggingstiltak og risikovurdering i nærmiljøet til skulen.</p> |